

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

## Tilskot til etablereropplæring for innvandrarar 2021

Forslag til vedtak:

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 630 000 kroner frå budsjettpost 402100 fordelt slik:

NR	Søkjjar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Unity Park	Gründerdrømmen	100 000
2	MIKS ressurscenter	Gründerprogram for flerkulturelle entreprenører	100 000
3	Alver kommune	Gründerporet	55 000
4	Sogn regionsråd	Etablereropplæring for innvandrarar -Sogn for alle	100 000
5	Vestland Fylkeskommune	Business Factory	200 000
6	Bømlo vaksenopplæring	Start sjølv	75 000
7	Næringshagen i Hardanger AS	Tilskot for etablereropplæring for innvandrarar	0
8	Papillon	Diversity in action- Har du en krysskulturell gründer i deg?	0
	Sum		630 000

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjarar for grunngjeving av vedtaket.

## Samandrag

Fylkeskommunen fekk i 2020 overført tilskotsordninga for etablereropplæring for innvandrarar frå staten (IMDi). Ordninga skal styrka moglegheita innvandarane har til å etablere sine egne verksemder. Det er 630 000 kroner til fordeling. Vestland fylkeskommunen har fått inn 8 søknader. 6 søknader vert tilrådd tilskot. Søknadane er vurdert etter relevant erfaring, effektivitet og potensiell evne til rekruttering og gjennomføring. Fylkesdirektøren foreslår ei fordeling som vist ovanfor.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektørIngebjørg Erikstad  
konst seksjonssjef*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Vedlegg, oversikt over søkjarar
- 2 Retningslinjer



## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ei overordna målsetting i integreringspolitikken er auka sysselsetting blant flyktningar og innvandrarak. Tilskotsordninga etablereropplæring for innvandrarak skal styrke og utvikle det ordinære tilbodet slik at det det vert lagt til rette for gründerverksemd blant innvandrarak og at innvandrarak kan etablere si eiga verksemd som igjen bidrar til sysselsetjing og vekst.

Desse kan søka:

- Kommunar og fylkeskommunar som vil legga til rette for etablereropplæring/ gründerverksemd for innvandrarak.
- Verksemdar og organisasjonar i privat og offentleg sektor med fagekspertise i etablereropplæring, inkludert frivillige organisasjonar som er registrerte i Frivillighetsregisteret

Tilskota er meint for å finansiera mellom anna opplæring, kursing og nettverksbygging.

Målgruppa for prosjekta er innvandrarak som ønsker å etablere seg som sjølvstendig næringsdrivande. Kvinner med innvandrarakbakgrunn er ei prioritert målgruppe.

Tilskot til etablereropplæring har eksistert i nokre år gjennom IMDi, og fleire prosjekt i Hordaland og Sogn og Fjordane har motteke tilskot tidlegare. I 2020 var det fem prosjekt i Vestland som fekk støtte innan denne tilskotsordninga.

Ordninga har vist seg vellukka, men har fram til no hatt meir fokus på innvandrarnettverk og mindre vekt på å opprette eigne bedrifter. Vestland fylkeskommune har valt å oppretthalde eksisterande vilkår og retningslinjer, for å få meir erfaring med tilskotsordninga og danne eit betre bilete på kva som er tenleg, og for å sjå det i samheng med dei overordna målsettingane for integreringspolitikken. Basert på søknadar, resultat og erfaringar frå 2020 og 2021 vil vi få eit betre grunnlag for å vurdere eventuelle endringar i ordninga i 2022.

### Føremål med ordninga

Tilskotsordninga etablereropplæring til innvandrarak skal styrke og utvikle opplæring om korleis ein etablerer verksemdar for innvandrarak. Det skal leggjast til rette for at innvandrarak kan starte sine eigne verksemdar som igjen skaper sysselsetting og vekst.

Budsjett 2021:	kr 630 000
Søknadsfrist 2021:	15.02.2021
Vedtaks kriteria:	Hovudutval for kultur, idrett og inkludering 13.02.2020 PS 8/2020
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida, informasjon ut til kommunar og andre potensielle søkjarar
Tal søknadar:	8
Tal søknadar tildelt støtte:	6
Avslag:	2
Samla søknadssum:	Kr 1 835 000
Samla løyving:	Kr 630 000

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

### Vurderingar og verknadar

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett 2021.

**Klima:** Tiltaka vil ikkje ha negativ innverknad på klima.

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Hordaland og regional plan for folkehelse 2015-2025 Sogn og Fjordane. Å ble økonomisk sjølvstendig har positiv verknad på folkehelsa.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Tilskotsordninga er eit bidrag til å nå mål i den regional utviklinga og FNs berekraftsmål gjennom fokus på sosiale og økonomiske utfordringar knytt til innvandrarane

#### **Absolutte kriteria**

- Offentlege og private sektorar kan søkje i tillegg til frivillige organisasjonar registrerte i frivillighetsregisteret
- Midlane skal nyttast til tiltaka som er skildra i prosjektomtala.
- Tiltaka må gjennomførast i samsvar med retningslinjer for etablereropplæring

#### **Vurderingskriteria**

I vurdering av søknadene vert det særleg lagt vekt på gjennomføringsevne, slik som tidlegare erfaring og resultat, samt samarbeid med andre.

#### **Fylkesdirektøren sine overordna kommentar til innstillinga:**

Alle søknader oppfyller dei formelle kriteria til tilskotsordninga. De fleste søknader har naudsynt kompetanse, relevant samarbeidspartnar og gjennomføringsevne. Søknadane er fokusert rundt Bergensområdet med ein søknad frå Bømlo kommune og ein søknad frå Sogndal. Konkret tiltak for å gjera tilskotsordninga betre kjent i heile fylke vert det arbeid vidare med.

I fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling er midlane fordelt til 6 av 8 søkarane. Fire av dei som er innstilt tilskot til, fekk også tilskot i 2020, og i dette ligge det ei vurdering om ønskje om kontinuitet i eit viktig arbeid. To nye søkjarar er også tilrådd tilskot. Dette er søkjarar som har arbeidde lenge med å sikre ei god forankring av arbeidet i eigen organisasjon. To søknader er tilrådd avslag, sjølv om desse også har gode prosjekt på gang. Hovudgrunnen her er avgrensa midlar til disposisjon. Til fleire aktørar som finn programmet som eit nyttig verktøy for å nå måla, jo betre er det for eit berekraftig Vestland.

Det kan vere utfordrande å prioritere mellom dei ulike søknadane. Det eine søknaden som skil seg ut i positive retning er den frå Etablerersenteret/Business factory. Etablerersenteret er eit offentleg tilbod til gründarar. Det er finansiert gjennom et spleiselag mellom Vestland fylkeskommune og 22 kommunar i Vestland og på den måten er eit meir fylkesdekkjande tilbod enn dei andre. Her er innstillinga at Etablerersenteret får ein større sum enn dei andre. Elles er det fylkesdirektøren si vurdering at dei ulike søkjarane, sjølv med mindre tilskot enn omsøkt, vil kunne bidra positivt inn mot etablereropplæring for innvandrarar. Dei søkarane som får tildelt vesentleg mindre tilskot enn omsøkt, vil få oppmoding om å sende inn revidert prosjekt og budsjett, slik at vi sikrar oss en god samanheng mellom innhaldet i prosjektet opp tildelt tilskot og endeleg budsjett.

Erfaringsutveksling og samarbeid mellom dei ulike prosjekta vil kunne bidra til betre resultat for det enkelte prosjektet, og til at midlane når lengre ut. Fylkesdirektøren gjennomfører årlege møte med tilskotsmottakarane, noko som bidrar til kunnskapsdeling, erfaringsutveksling og nettverksbygging.

#### **Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 630 000 kroner over budsjettpost 402100 til etablereropplæring for innvandrarar slik det går fram av innstillinga.